



FRAMTIDSBONDEN? Generalsekretær i Bondelaget Per Skorge vil ha fleire norske ungdomar til landbruket. Her frå markeringa i Oslo denne veka mot tilbodet i landbruksoppgjeret. Ole Johan (3) kjem frå ein kornbondefamilie i Skjeberg.

FOTO: TOM HENNING BRATLIE

Vil unngå skilje mellom kven som driv og arbeider:

77 EØS avgjer ikkje

FAMILIEDRIFT: Det er familiedrift og små bruk som sikrar den norske landbrukspolitikken legitimitet, meiner Christian Anton Smedshaug.

LANDBRUK

Av Martin Årseth

Det er uvisst kor mange utanlandske arbeidarar det er i norsk landbruk. Men i fjor registrerte Utlendingsdirektoratet 2100 førstegongs sesongarbeidarar i landbruket.

I undersøkinga «Trender i norsk landbruk», som Bygdeforskningsgjennomførte annakvart år, svarte 16 prosent av bøndene at dei brukte utanlandsk arbeidskraft i 2016.

Vidare viste undersøkinga at bruken òg er aukande i andre delar av landbruket enn i typisk sesongarbeid som jordbærplukking.

I mjølkeproduksjonen har bruken av utanlandsk arbeidskraft stige jamt og trutt

frå at 9 prosent av bøndene brukte arbeidsinnvandrarar i 2004, til 22 prosent i 2016, ifølgje undersøkinga.

I rapporten peikar forfattarane på auken i relativt store produksjonseiningar som éi forklaring på det.

Utfordringar

Mekanisering og større bruk trur dagleg leiar i Agri Analyse, Christian Anton Smedshaug, er ei utfordring for norsk landbruk.

– Kjerna i norsk landbruk er at familien eig og driv jorda, og at det er hovudmodellen som gjev legitimitet til landbrukspolitikken, seier han.

Han trur ikkje norsk landbruk er tent med frikopling av kven som driv og kven som arbeider i landbruket.

– Det viktige er å unngå at bruka vert for store. Det må vere mogleg for gjennomsnittsbuka å investere, slik

FAKTA

Arbeidsinnvandring:

■ 16 prosent av norske bønder hadde arbeidshjelp frå arbeidsinnvandrarar på gardsbruket i 2016.

■ Same året registrerte UDI 2100 førstegongs innvilga sesongarbeidarar i landbruket.

■ Spørjeundersøkingar viser at prosentdelen som brukar arbeidskraft frå utlandet er stabil.

■ Men medan færre brukar arbeidsinnvandrarar i planteproduksjon, går talet opp i mjølkeproduksjon.

Kjelder: UDI, Bygdeforskning

at alle kan vere med på mekaniseringa.

Smedshaug meiner norsk landbruk ikkje er avhengig av EØS-avtalen, som sikrar fri flyt av arbeidskraft frå EU.

Fungerer utan EØS

– Arbeidsinnvandringa fungerte alt tidleg på 1990-talet, og med tanke på kor mykje arbeidskraft som var i landbruket før austutvidinga i 2004, ser eg ikkje nokon grunn til at EØS-avtalen skal

vere avgjerande, seier han.

Han meiner at ein kan løyse arbeidsinnvandringa til landbruket med andre ordningar enn EØS-avtalen.

– Mi kjensle er at arbeidsinnvandringa er viktigast i sesongarbeid, men òg for dei med behov for meir permanent arbeidskraft kan ein løyse det med gjestearbeidarordningar. I tillegg er behovet for arbeidskraft minkande innvendig, seier Smedshaug.

Ønskjer norske

Sidan EØS-avtalen vart inngått i 1992 har Norges bondeleg endra litt syn på avtalen.

– Dei var imot avtalen då han kom, men meiner no at det må vere klare alternativ som betrar Noregs posisjon før dei ønskjer å gjere noko med avtalen.

Generalsekretær i Bondelaget, Per Skorge, seier det er vanskeleg å få norsk arbeidskraft til typisk sesongarbeid.

– Me har ingenting imot arbeidarar frå EU-land, men me synest det er betre med ein

kombinasjon. Det er positivt om norsk ungdom og studentar har arbeidserfaring frå landbruket, slik eg hadde på den alderen, seier han.



Christian A. Smedshaug

Smedshaug peiker på at sysselsetjinga i Noreg fell tredje mest i Europa samstundes som arbeidsløysa stig, og meiner det er viktig å realisere landbruket som ein stad å jobbe.

– Me treng å stimulere til eiga sysselsetjing. Men det avheng av at ungdom vil. Det kan endra seg i tøffare tider. I Spania har dårlege tider endra interessa spanske unge har for grønaksproduksjon. Det kan vere ein mogleg parallell, seier han.

Han meiner det er eit problem at me mister den lokale rekrutteringa til sesongarbeid, og i nokon grad til permanent arbeid, som i fjøs og husdyrrom.

– Dette er jobbar som i stor grad kan gjerast av folk som er interesserte, og som har høg innsats på rutinearbeid, seier Smedshaug.

martina@klassekampen.no